

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Veøy

Emne: Helsing, fakter og åtferd

Bygdelag: Rødven

Oppskr. av: Elliv Sandnes

Gard:

(adresse): Rødven

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, 82 år, bonde og bygningsmann.
 Delvis etter eiga røynsle.

SVAR

HELING, FAKTER OG ÅTFERD.

1. Skulde ein uttrykke "ja" og "nei" med ei rørsle "nikka" dei gjerne med hovudet for "ja" eller rista på det, når det skulde tyda "nei". Slo ein ut med handa (opa) tydde det "ja", knytte ein ho tydde det "nei".
2. Å helsa "Godt mot" når ein møttest, var meir vanleg før enn no, men det heng no att litt enno, serleg hos eldre folk.
3. Nokon regel for kven som skulde helsa først når ein møtte kjende, veit ein ikkje av no.
4. Den som helsa først sa vel "godt mot" e "god dag", eller "go(d)morn".
5. At bygdafolk tok av seg hatten eller huva når dei møttest, var ikkje vanleg. Det var helst ^{berre} når dei møtte presten eller andre embetsmenn, at dei gjorde det.
6. At dei heldt hatten med begge hendene eller heldt huva under armen når dei helste, kjenner ein ikkje no til.

Men innsendaren si mor (f.1851) kunne hugsa ein gamal husmann tok av seg toppluva og heldt ho mellom hendene, med han les for maten, og så sette han huva på seg att, då han tok til å eta.

7. Galdt det helsing slik at ein tok av seg hatt eller huve, måtte ein vel helst vera helgekledd.

8. Å handhelsa på folk i grenda har vist vore lite eller inkje brukt her. Ein måtte helst koma til andre bygdelag, når ein skulde ta det så "høgtideleg". Når ein kom på vitjing var det det ikkje uvanleg før, at ein og handhelste på borna og.

9. At folk klappa kvarandre på oksla som uttrykk for venskap eller glede det, hende nok.

10. At mennene tok av seg hatten når dei høyrde klokkering, veit ein ikkje av her.

11. Vyrðnad og samkjensle når dei møtte likferd eller brurefylgje. Hadde dei nok "folkeskikk" stansa dei opp og tok av seg hatten.

12. At dei stansa opp og helsa på visse ting og dyr, veit ein ikkje no av. Men ein veit av at eldre folk prøva narra ungdomar og born til å ta av seg hatt eller huva for visse ting (steinar eller liknande) med rare namn. Dette hekk vel att frå den tid då kanskje alle brukte å helsa på vedk. ting.

13. Å gje opp visse "tidsintervall" når ein brukte dei ymse helsingar, er vel noko vanskeleg. Det var vel ei meir stringent inndeling på døgnet før enn no.

"Gomorn" sa ein frå tidleg om morgonen og til frukost (8-9 tida) og så "goddag til kl. 19-20, om det var høg-

sommar. I den mørke årstida sa og seier ein gjerne framleis "godkveld" frå den tid det ver mørkt på ettermiddag.

Var ein borte i ein gard og sat der til folk skulde leggja seg, sa ein alltid "godnatt". Det hende og at gamle folk sa "godnatt" når dei gjekk att, sjølv om det var på lyse føremiddagen. Dette høyrer ein ikkje no meir.

Å seia "god middag" er ikkje vanleg til dagleg. "God middag" vert helst brukt når folk skal til å eta middag, og vert då brukt i same tydnad som "velbekomme"

14. Elles har ^{det} vorte meir "flatt" på landet og med dette at ein seier "gomorn" snart sagt helle døgeret.

15. Noko visse svar ved slike høve veit ein ikke no av.

16. Sjå svar på nr. 14.

17. Å helsa med "Guds fred" var, etter som gamle folk har fortalt, ikkje vanleg å helsa med anna enn av prestar. elles var brukt "signe strevet", "signe arbeidet", "signe kvila", "signe laget", "signe maten".

18. Innsendaren kan minnst ei gamal kone som sa "signe", når ein sa "gomorn" eller "goddag" e.l. til ho. Ho var fødd i Hardanger (Granvin) i 1842, truleg.

19. At gjesten, når han vert teken i mot ute på tunet og verten så fylgjer han inn i stova, så veit ein ikkje no av at ^{det} var vanleg å seia "goddag inne og"?

20. Vilde ein tala med husfaren åleine sa den framande, ^{af han} vilde tala med verten "på to manns hand" eller "under fire augo".

21. Å banke på døra før ein går inn er vanleg no, men var ikkje vanleg før.

22. Dei som var inne svara anten "kom inn!" eller "ver så god", det siste mindre brukt kanskje. Om den som kom inn skulde te seg på nokon viss eller serleg måte, veit ein ikkje å seia noko om no.
23. Den som kom inn vart gjerne ståande ved døra til dei bad han ~~komm inn~~ koma frampå.
24. Den som kom inn tok helst hatt eller huva av seg straks han kom inn, venta ikkje til dei bad han setja seg.
25. Til folk som venta ved døra sa ein gjerne: "Sett deg inna" eller "sjå du fær sitte".
26. Det vart vel kanskje gjort skilnad på ~~kven~~ det var.
27. Om det var nokon serleg eller viss måte å helsa heilt framande som kom til gards, veit ein ikkje plent å seia no. Men det vart no sagt "velkomen hit" eller "velkomen her" eller og "velkomen åt ----" og så nemnde ^{ein} ~~ein~~ namnet på staden (garden).
28. Å turka av stolen som ein sette fram for den framande, har vor gjort i manns minne, men er vel avlagt no.
29. Innbedne gjester vart vel handhelsa med orda "~~velkommen~~ "velkomne" eller "velkomne hit". Sjå nr. 27.
30. Før var det mykje brukt å seia farvel ved kvardagslege vitjingar og, om ein berre gjekk bort i grannegarden.
31. Ved avskil helsa ein som nemnd under 30, "farvel" eller "du må leve so vel", "du må ha det bra" o.l.
32. Å kyssa kvarandre til farvel har ikkje vore brukt her, det ein no veit.

33 til 43 kan ein vanskeleg svara noko på, då ein ikkje veit at noko av det her nemnde har vore brukt. Å "byte nase" med småborn (39) var brukt før.

44. Uttrykket "til lukke" var vel brukt ved mange høve. T.d. når folk trulova seg og ved giftarmål, ved barnefødsel ("tilk lukke med garåguten") . No har vel ordet "gratulerer" i mange høve teke romet etter "tillukke".

45. Til Jul og nyår sa ^{og seier} ein "god jul", "godt nyår" ved barnefødsel, truloving, brudlaup var det vel helst "tillukke".

46. Noko serleg som var brukt å seia ved dødsfall og ved ved motgang, veit ein ikkje no noko om. Ordet "kondolere" må vel seias å vera etter måten nytt.

47. Gamle folk sa ofte "takk og pris" eller "takk og ære". No er det gjerne berre "takk" eller "mange takk" ^{og} "tusen takk".

48. Å takke ut kjenner ein ikkje til her no.

49. Vanvyrndad for einkvan synte ein kanskje berre ved å rista på hovudet når det var tala om vedkomande eller ved å slå ut og riste på handa.

50. Distriktet her (Romsdalen) har mykje havt det så, at dei "sa du til alle folk" eller som dei seier om seg sjølv; "dei er derf i frå som folk seier "i" om seg sjølv og "du" åt presten". D.v.s. romsdalingen seier i for eg (jeg), og brukar helder lite høflighetsforma "De". Gamle folk før brukte så og seia aldri anna enn "du".

Folk som veks opp no, og har vore litt ute, seier vel "De" til framande og "kondisjonerte".

VI

51. Å seia "han" eller "ho" i staden for "du" eller "De" er ikkje brukt.

Heimelsmann: Ingebrigt Dalset, 82 år, bonde og bygningsmann. Delvis etter eiga røynsle .